



forum for
natur og friluftsliv

Bremanger kommune
Rådhuset, Postboks 104
6721 Svelgen

Leikanger 09.01.2014

post@bremanger.kommune.no

Høyringsfråsegn til områderegeringsplan for industriområde på Smørhamn, steinuttak og industriområde, Bremanger kommune.

Naturvernforbundet og NOF - Norsk Ornitologisk Forening i Sogn og Fjordane ser med aukande uro på mange av naturinngrepa som er under planlegging og/eller utbygging i fylket. Vi kan nemne aukande tal masseuttak på land, massedeponering i sjø, vindkraftverk, vasskraftverk, taretråling samt andre fysiske inngrep, både i sjø og på land. Dei har ofte også negative konsekvensar med innverknad på biologisk mangfald. Økosystema er komplekse. Ei urovekkande trend vi er opptekne av er tilbakegangen av fuglar, både trekkfuglar og sjøfuglar. Det er store manglar på kartlegging av rasteplassar for våtmarksfuglar og andre fuglar i fylket. Kva gjeld plan for områderegering på Smørhamn vil vi peike på at KU for fugl er mangelfull.

Om planen vert gjennomført slik planforslaget no ligg føre vil dette innebere at ein viktig lokalitet, rasteplass for våtmarksfugl går tapt. Når det gjeld fugl kan vi ikkje sjå at KU viser til kunnskap om kva for artar som nyttar rasteplassen, om her er hekkeområde, og elles korleis artane her vert påverka av tap av lokalitet. Kva for andre tilsvarande lokalitetar finst i nærleiken osv.

Med innføringa av naturmangfoldlova, NML 19.juni 2009 om forvaltning av naturen sitt mangfald vart det innført ein generell aktsomheitsplikt for einkvar for å unngå skade på naturmangfaldet. Etter lova skal einkvan «opptre aktsamt og gjere det som er rimeleg for å unngå skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmål for artar i NML §5 der «målet er at artene og deira genetiske mangfald ivaretakast på lang sikt og at artene førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlige utbreiingsområde. Så langt det er naudsynt for å nå dette målet ivaretakast også artane sine økologiske funksjonsområde og de øvrige økologiske forutsetningar som dei er avhengige av.»

Vi oppmodar kommunen til å styrka sin kartlegging av biologisk mangfald og at det vert utarbeidd handlingsplanar for utsette enkeltartar og deira leveområde i samsvar med måla i NML.

Fuglar kan verte forstyrra og uroa av ulike lyd- og synsinntrykk, kanskje også av vibrasjonar i bakken under sprenging. Vi oppmodar også kommunen til å vere varsam med å tillata arealinngrep som ikkje er berekraftige eller der endringane vil vere svært alvorlige og langvarige med uoppretteleg skade for dyre- og planteliv.

Korleis sikre viktig naturmangfald og samstundes sikra naudsynt areal for utvikling av verksemdar vert viktig i mange saker framover. Inntakte økosystem med levedyktige bestandar av arter er det som sikrar oss naturressursar som vi kan hauste av og som er årsak til vår velferd.

Regionen må sjåast under eitt. Når nye areal krevst med størrere inngrep til fylgje lyt ein tenke regionalt og sjå på både samlokalisering og evt endra bruk av gamle område. Utfordringen ligg ofte i at inngrep ikkje har ein kostnad for tap av naturmangfald eller verditap for landskap/reiseliv og friluftsliv.

Der finst allereie ei stort etablert industriområde i Florø, som no skal utvidast ytterlegare. Det planleggast eit større område i Svelgen, samt at Lutelandet ligg i sør. Auka regionsfokus og betre samlokalisering kan gjerne gje færre store nye irreversible inngrep.

Inngrepet i landskapet ved Smørhamn vil verte svært synleg langt fram i tid og får negative konsekvensar for allereie etablert reiselivsverksemd i sjø i planområdet. Sjølv om det gjennom tidlegare plan- og politiske prosessar har vorte gjort vedtak om at området nyttast til industriområde og erverv, kan ein framleis gjera nye vedtak om å ta vare på naturmiljøet og verdiane registrert i naturbase og EDNA. Ved samlokalisering og bruk av andre industriområde i regionen kan gjerne inngrepet gjerast mindre med større omsyn til naturmiljø enn det planen legg opp til i dag.

Sumverknadane for fleire typer inngrep som gjev negativ effekt på artar sine funksjons- og leveområde må vurderast etter NML §10 økosystemtilnærming og samlet belastning. Her bør gjerast grundigare undersøkingar for verdien for fuglelivet etter NML § 8 om kunnskapsgrunnlaget. Det må kartleggast kva for artar tiltaket får konsekvens for om krav i KU skal oppfyllest etter NML. Ved utfylling i sjø bør det kartleggast om her er ålegras eller andre viktige lokalitetar for fisk. For å hindre at nye arter kjem inn på raudlista er det viktig å ta vare på artenes leveområder inklusive deira funksjonelle og økologiske leveområde.

Vi ønsker lykke til vidare med planarbeidet med von om betre ivaretaking av lokalitetar med verdi for naturmangfaldet i fylket!

Med venleg helsing

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Thorleif Jakobsen – leiar

Thorleif Jakobsen
Skulevegen 92
6770 Nordfjordeid

NOF - Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane
Anders Branaas – leiar

Anders Braanaas
Soknevågen
6986 Værlandet
Norway
Tlf 40103521

Forum for natur og friluftsliv
Elisabeth Dahle
FNF Koordinator